

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Ved: Hans Kristian Dolmen/Randi Hilland

Deres ref.:
14/1158 – 14/9884

Vår ref.:
5103637\5103637-Brev1 Klagesak 20140623

Dato:
2014-06-23

Klagesak: Klage på vedtak om avvisning av Reguleringsplan Hoplandsdalen

Me syner til vedtak i Meland kommunestyresak om avvisning av reguleringsplan for massedeponi/massetak i Hoplandsdalen, sak 46/2014 av 18.06.2014. Vassbakk & Stol AS vil med dette klage på enkeltvedtaket etter Forvaltningslova §28.

Det er vanskeleg å forstå at Meland kommune ikkje ynskjer å takke ja til dette næringstiltaket som er positivt motteke av dei regionale offentlege instansane. Administrasjonen har også heile vegen vore positive og har sett den store verdien dette tiltaket vil ha; for å unngå at ein må finne til dels dårlege løysingar ved deponering av overskotsmassar frå kvart byggeprosjekt. Eit massedeponi på denne staden vil gi fordelar for framtidige byggeprosjekt som har trong for borttransport av reine jordmassar, og er lagt slik at ein får minst mogleg av negative konsekvensar.

Etter ferdigstilling av massedeponiet vil ein få 90 da fulldyrka areal og eit velfungerande og trygt vegnett for alle brukarane av området, for all framtid.

Vassbakk & Stol har i heile planprosessen gjort endringar for å imøtekomme dei kommunale vedtaka, mellom anna gjennom å inkludere vegsystem, trekke ut bustader og reduksjon i massetaket. Vassbakk & Stol varslar rettslige steg for å få erstatning for dei store ressursane som er lagt ned i arbeidet om vedtaket om avvising vert ståande. Det er forunderleg at ein kan sei nei til planen etter alle desse rundane med justeringar for å lage ein plan som samsvarar med kommune sine ynskjer.

På grunn av at klagefristen vert i ferien vil me komme tilbake med eit supplerande grunnlag, og grunngjeving for klagen, på eit seinare tidspunkt.

Med hilsen

Norconsult AS



Ivar Kalkvik